



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Helgedagen

NR. 5 - Desember 2022 56. årg.



Frivillig arbeid



side 8



side 10



Blå kors



Bårehuset

side 21

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: www.timekyrkja.no

e-post: kyrkjekontoret@timekyrkja.no

Prost: Lars Sigurd Tjelle

tlf. 474 51 340

Kateket: Ingrid Time Nærland

tlf. 401 67 222

Diakon Time og Undheim: Praxedes Slettebø

tlf. 488 96 919

Diakon Bryne: Marit Høie Hetland

tlf 911 63 039

Sekretær: Dagny Oltedal Hetland

tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjeverje: Siri Vik

tlf. 906 43 758

Kyrkjeverje: Gunnar Bjorland Stone

tlf. 406 01 079

Time

Heimeside: www.timekyrkja.no/time-sokn

Sokneprest Yngvar Nilsen

tlf. 466 52 874

Musikalst leiari: Frode Skårland

tlf. 489 97 102

Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen

tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: Elias Høie Hetland

tlf. 401 68 422

Soknerådsleiar: Marianne Hauge

tlf 481 14 974

Dagleg leiari: Anna Bergitte Skårland

tlf 990 26 276

Klokkar: Maren Dyngeland

tlf 905 65 198

Ungdomsarbeidar Lye: Else Iren Skretting

tlf 482 79 806

Kyrkjetenar ved gravferd:

Anna Bergitte Skårland

tlf. 990 26 276

Time kyrkjegard

tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus

Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne

Heimeside: www.brynekyrkja.no

Sokneprest Stein Ødegård

tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland

tlf. 900 18 708

Kyrkjelydspedagog: Tone Vold

tlf. 918 81 818

Administrasjonleiar:

Elisabeth Obrestad

tlf. 51 77 03 77

Dagleg leiari / kyrkjelydsutviklar:

Jostein Aa. Tollaksen

tlf. 909 88 880

Soknerådsleiar: Ola Undheim

tlf. 908 58 793

Kyrkjetenar helg: Arne Espenvik

tlf. 909 70 522

Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen

tlf. 466 56 825

Undheim

Heimeside: www.undheimkyrkja.no

Undheim kyrkje

tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø

tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten

tlf. 908 10 346

Sokneprest vikar: Roald Byberg

tlf. 400 38 028

Kyrkjetenar: Hans Undheim

tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark

tlf. 996 26 157

Dagleg leiari: Frode Skårland

tlf. 489 97 102

Time sokneråd: time.soknerad@timekyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@timekyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@timekyrkja.no



Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrdet til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei følende redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de

ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!»

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrdet på, undra seg over det gjætarane fortalte. Men Maria gjøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrt og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

Framsidefoto: Margreta Johannessen

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad, Gunnar Bjorland Stone, Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.

Trykk: Kai Hansen Trykkeri. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjecontoret eller med e-post til helgedagen@timekyrkja.no.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 26. januar



«Han vil skapa liv der natt og mørke bur»

Advent er tida for å tenna lys og gleda seg over små ting, og for å undra seg over store spørsmål.

Kvifor feirar me Jesu fødsel? Kvifor blei Gud menneske? Det heng tett saman med Gud sin plan om frelse. Hjå salmediktaren er det sagt så enkelt:

«Fra krybben til korset gikk veien for deg,
slik åpnet du porten til himlen for meg.»
(Salmeboka nr. 56)

Mysteriet i jula handlar om han som delte våre kår, heilt inn i døden. Me går aldri åleine gjennom ei vanskeleg, forvirrande og urettvis verd. Heller ikkje i førjulstida i 2022.

Me har kyrkjer fordi Jesus lever og kjem til oss i dag. Mange kan sakna eit språk for trua. Kyrkjerommet tar

imot den trua som ikkje blir uttalt, uansett om ho er stor eller lita. Kyrkjerommet er trygt å vera i.

Samtidig har jula ein urovekkjande bodskap. Bodskapen held saman kontraster, for midt i gleda ligg utfordringa. Jesus kjem til oss i dag. Han kjem som flykning, som uteliggjar, som einsame gamle, som ungar med därleg råd i eit rikt samfunn, som ungdom med klimaangst. Jesus identifiserer seg med sine minste i dag.

Den lidande og medlidande Kristus er til stades i juleevangeliet. Me høyrer om dei som ikkje fann husrom nokon stad, men måtte gjennomgå ein fødsel mellom dyr i ein stall. Josef og hans Maria måtte skrivast i manntalet for å betala

skatt til ein keisar som levde i ubeskriveleg luksus.

I dei fyrste århundra av kyrkje-historia var biletet av Jesus som regel ikkje den lidande. Han var «Christus Victor», han trona på korset som sigerherre over død og synd og djevel. Ytre sett er fødselen fattigsleg, men det stråler eit lys og eit håp frå Jesusbarnet og ut til jordas ender.

Kristus lever, han har seiret; evig lever vi med ham.
Han er her og han vil skape liv der natt og mørke bor.
Kristus lever, vi skal bære Herrens seierstegn på jord.
(Salmeboka nr. 214)

Eg ønsker deg ei velsigna juletid!
Biskop Anne Lise Ådnøy

MIN SALME

Jeg er så glad hver julekveld

T Marie Wexelsen 1859 M Peder Knudsen 1859

Jeg er så glad hver julekveld,
for da ble Jesus født;
da lyste stjernen som en sol,
og engler sang så søtt.

Det lille barn i Betlehem,
han var en konge stor
som kom fra himlens høye slott
ned til vår arme jord.

Nå bor han høyt i himmelrik,
han er Guds egen Sønn,
men husker alltid på de små
og hører deres bønn.

Jeg er så glad hver julekveld,
da synger vi hans pris;
da åpner han for alle små
sitt søte paradis.

Da tenner moder alle lys,
så ingen krok er mørk;
hun sier stjernen lyste så
i hele verdens ørk.

Hun sier at den lyser enn
og slukkes aldri ut,
og hvis den skinner på min vei,
da kommer jeg til Gud.

Hun sier at de engler små,
de synger og i dag
om fred og fryd på jorderik
og om Guds velbehag.

Å gid jeg kunne synge så,
da ble visst Jesus glad;
for jeg jo også ble Guds barn
engang i dåpens bad.

Jeg holder av vår julekveld
og av den Herre Krist,
og at han elsker meg igjen,
det vet jeg ganske visst.



«Jeg er så glad hver julekveld, for da ble Jesus født» er ein av dei finaste julesongane eg veit. Han skaper mange gode minne om julen frå då eg vaks opp på Stord i ein søskenflokk på 6. Det var så trygt og godt med orda: «Da tenner moder alle lys, så ingen krok er mørk».

I vaksen alder, då eg hadde fått min eigen familie og reist til Kamerun, feira me jul der i mange år. Kontrasten var stor på mange måtar. Kanskje mest når det gjaldt klima med tørketid og grasbrenning på savannen. Med den mektige stjernehimmelen der kom tanken om hyrdingane som passa sauene på

Betlehemsmarka. Kjenner at dette òg er gode minne.

Men uansett kor i verda me bur, er den glade bodskapen i jul den same.» Da lyste stjernen som en sol, og engler sang så søtt».

Solveig Heggheim



GAVEAKSJONEN 2022

Gi en meningsfull julegave!

Enkelte familier opplever julen som en spesielt vanskelig tid, og derfor har flere menigheter i flere år samlet inn penger gjennom en julegaveaksjon. Rett før jul blir pengene omgjort til gavekort, og i samarbeid med NAV Klepp og Time, først og fremst blitt delt ut til familier i en vanskelig økonomisk situasjon.

Behovet er stort, og jo flere som er med, jo flere har vi mulighet for å gi en hjelpende hånd. Skulle det komme inn mer penger enn det som trengs til jul, så kan pengene som kommer inn bli brukt til andre formål til samme gruppe. F.eks. til aktiviteter i forbindelse med sommerferien.

Vil du/dere bidra med å gjøre julehøytiden litt lettere for noen i nabologat? Da oppfordres du/dere til å gi en god gave til aksjonen. Dette gjør du/dere ved å sette pengene inn på

konto 3290.07.79088 eller vippnummer 103540
merket med julegaveaksjonen 2022
innen 10. desember

Vi takker så mye for ditt bidrag, og ønsker deg Guds rike velsignelse.



Bøn14

Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.

Fil 4,6-7



STEVNEMØTE MED SALMEBOKA

TEKST: ELSE MARIE BUE


NOS NR. 18

Mens frost og vintermørke rår

Me er i adventstida og starten på eit nytt kyrkjeår, ei tid til ettertanke og førebuing til å feira jul, at Jesus vart fødd i Davids by, Betlehem. Svein Ellingsen har i 1957 gitt oss ein norsk versjon av denne adventssalmen, fritt etter svenske Edvard Evers, 1914. - Mens frost og vintermørke rår, begynner kirkens nye år.

I Stevnemøte med SALMEBOKA spør Vidar Kristensen via ein quis om når adventskransen første gong dukkar opp i ein norsk salmetekst. Svaret er: i 1957 i denne salmen. Så fortel han vidare: - Litt før midten av 1800-tallet dukket skikken om å tenne lys i en adventsstake opp i Tyskland, ett nytt lys for hver av de fire adventssøndagene. Det vanligste var at staken var rund og pyntet med granbar, slik at den hadde form som en krans. En brukte helst

Denne boka gir fyldig innleiing til kvar av dei 899 salmane i Norsk salmebok 2013. Bøneboka finn de siste i salmeboka.



lilla lys. Skikken bredte seg i hjemmene og kom også inn i kirkens gudstjenester. Til forskjell fra de fleste nyere sanger som handler om lysene i adventskransen, har ikke denne et vers for hver av de fire søndagene i adventstiden. Mest av alt er den Salmebokas eneste skikkelige nyttårssalme for det nye kirkeåret.



*2. I mørket ved vår side står han som steg inn i våre kår.
Hvert adventslys skal minne om
at Jesus lysets Herre kom.*

*3. Han kommer stadig til oss inn
og lar oss se Guds milde sinn.
Vårt ønske ved den tente krans
er at vårt liv må være hans.*

*4. Når verden og dens tid forgår,
gryr evighetens kirkeår.
O Herre, la oss finne vei
til lys og evig liv hos deg.*

Ei julekrybbe til ettertanke

Når advents- og juletida kjem, har mange som tradisjon å setja fram ei julekrybbe. Helgedagen fekk koma heim til Astrid Nåvik Braut på Bryne, for å sjå på deira krybbe.

TEKST OG FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN

Ei julekrybbe med uvanleg mange figurar, som strålar av godt handarbeid, kreativitet og fantasi. Astrid fortel at ho ikkje var van med krybbe som ein del av julepyntinga i oppveksten, og me undrast på korleis ho fekk idéen til å skapa dette? Det heile starta då dei enno budde på gard i Klepp. Ho kom inn frå fjøsstellet ein kveld, og då hadde borna laga til julekrybbe sjølv av ei skojeske, playmo-figurar, bomull og anna dei hadde funne fram. Den var fin og stod framme til jula var over, og gav Astrid tanken om å skapa

noko meir varig, som dei kunne ta fram kvar jul. Slik var starten, og personane kom til, nokre for kvart år. Dei første var gjetarar og sauер med lam, så kom Maria og Josef, mange englar, stjerner, okse, esel og tre vismenn med gåver. Alt laga ut frå eigne idear og modellar.

Ei utfordring var sjølve Jesus-barnet, korleis få laga han? Ein dag Astrid var på tur i marka, fann ho ei delvis øydelagd lita plastdokke. Den blei utgangspunkt for Jesus-barnet. Det som ser verdilaust ut kan bli noko fint!

Me ser at her er brukt mange ulike materiale og teknikkar, både hekling, strikking, saum og vevning. Dette vitnar om mange glade timer, der kreativiteten har fått fritt rom. Her er også mange spesielle effektar som er pynt på klede og figurar. Då kjem det fram at ein vismann har fått hår frå ein hest, saueull frå nabogarden er blitt hår og skjegg på gjetarane. Elles er det brukt mangt og mykje som er samla gjennom eit langt liv, og teke med frå reiser.

På Braut hadde julekrybba sin faste plass i eit rom nede, med steinvegger og djupe vindaugekarmar. Der var det fint å samla gjester til juleselskap, og dei kunne sjå krybba. Då familien flytta til Bryne, måtte krybba få ein ny plass, og var ulike stader i stova. Så kom pandemien, få kunne samlast og det blei lite besøk. Kva med krybba no? Skulle ingen få sjå henne? Då kom ideen om å byggja opp julekrybba med personar, dyr, landskap, små planter og lys i garasjevindauga. Slik vart ho til glede for alle som gjekk forbi, og såg sjølve juleevangeliet framstilt gjennom Astrid sitt fine arbeid.

Har dei så fått reaksjonar frå folk på dette? Jo, mange har kommentert og uttrykt glede over den fine julekrybba, og spør om når ho kjem opp igjen. Slike samtalar er ein fin bonus, i tillegg til gleda det har gitt å laga til det heile. Det er ei stund sida siste tilvekst til krybba, men enno er der fleire idéar til nye som kunne vera med. Det fører oss over til eit nytt spørsmål. Utanom dei tradisjonelle figurane, er her



Astrid Nåvik Braut med julekrybba ho har laga.



fleire andre. Me ser ein svart sau («det sorte får»), ei strikkande dame frå Wales, ein mann med Baskerlue, eit par jenter med hijab, to tydeleg egyptiske figurar... Kva er tanken bak desse? Astrid seier ho har tenkt

at folk frå heile verda skal sjå Jesus, her er plass til at alle kan nærma seg i undring. Ho håpar det set tankar i sving hos dei som ser. Kva er dette? Er det viktig? Kan det forandra livet mitt?

Kva så med denne jula? Dukkar julekrybba opp att i garasjen?
Astrid forsikrar med eit smil at dei som går tur i Vardheia i adventstida berre kan glede seg!

Vi syng til jul

Nå blir me midt i desember inviterte til eit arrangement i Bryne kyrkje der me får synga julesongar. Her vert det gjerne ei vandring i minneboka slik at gamle gode song-minne kjem fram. Nokre nye song-perler kan me òg få vere med på.

Sein ettermiddag denne onsdagen er alle velkomne til ein pause frå alt som er travelt i førjulstida. Hender og føter kan kvila. Midt i den julepynta Brynebyen, inviterer kyrkja til glede over det sentrale i advents - og juletida, Jesu fødsel i Betlehem.

Me har utruleg mange innhaldsrike salmar, songar og juleviser som handlar om juleevangeliet. Frå denne salmeskatten er det mykje å henta. Den eldste julesalmen i Norsk salmebok er frå år 397, og har fått heidersplass som nr. 2: Folkefrelsar til oss kom.

Denne ettermiddagen får alle vera ein del av det store koret, anten ein syng saman med godt tonefylgje, eller trivst best i det songglade fellesskapet og syng med i tanken. Me får også høyra juleevangeliet. Det blir to songavdelingar med matservering mellom. Me startar med den fine adventssalma; "Når mørkret legg seg stort og stilt kring landet der me bur." ifrå 1997, med tekst og tone av våre eigne, Heidi Strand Harbo og Terje Vold. Ettermiddagstid frå kl. 17.00 håpar me er ei lageleg tid for mange!

VELKOMEN!
Bryne diakoniutval



Undheim og Uglia

Frivillig og trufast i førtiseks år

«Den største gleda du kan ha, det er å gjera andre glad» har me både lese og skrive i minnebøkene. I år har me også hørt gode forteljingar om det her i Helgedagen. Året med frivillig arbeid i fokus går mot slutten, og me ser nå til Undheim. Å høyra historia om «Uglia gutelag» gir orda frivillig og trufast ekstra glans.

TEKST: ELSE-MARIE BUE FOTO: GISLE ODDANE

Sju vaksne leiarar er nå med i gutelaget annankvar tysdag: Vidar Undheim, Gisle Oddane, Trond Stiansen, Asle Risa, Nils Arne Fosse og dei to Helgedagen får møta her, Amund Undheim og Torbjørn Garborg. Amund var med frå starten, og Torbjørn har som gut hatt fartstid i laget. Begge har også hatt søner der.

Alt i 1976 starta tre bønder, Ola Mellemstrand, Amund Undheim og Nils Kjell Sikveland «Uglia gutelag» på Undheim, eit fikst namn som står for Undheim gutelag sine aktivitetar. Dei fekk god hjelp av eit par lærarar på Undheim skule. Aldersgruppa var og er frå 4.klasse og oppover. Bibel, misjon og spennande aktivitetar har i alle år vore det faste innhaldet. Trearbeid av halvfabrikat, landhockey, misjonskveld, basar, konkurrsar, tur osv. står på programmet. Dei har prøvt seg på Mesternes Mester, men også quiz og enkle ja- og nei-spørsmål. Sjokoladepremien er populær. Ein gong i året et dei pizza og har presten på besök.

PROGRAM

Programmet er tilpassa aldersgruppa og årstida. Det siste har vore viktig for å gi gutane opplevingar på heimstaden, læra

dei å sjå og leva med i det store underet årssyklusen er. Tidleg haust er det gildt å fiska på Mellemstrand, i vatnet ved garden til Ola. Då får dei trekkja garn og vera med i prosessen vidare. Kanskje det å reinska fisken ikkje er det heilt store den første gongen, men neste år vert ein læremeister for dei yngre. Så smakar det stort sett godt med fisk ein sjølv har stelt og grilla.

Ein av leiarane nå, Gisle Oddane, er svært interessert i fuglar og har fuglekassar i skogen. Derfor vert det til rett tid skogstur for laget, med kortreist kunnskap, ringmerking og meir. Først i oktober lokkar ein aktivitetskveld i Selandsskogen. Med samling rundt bålet til slutt, pølser på grillen og lommelykter i skyminga, vert ein av leiarane sitert slik: «Har du sett eit så fint syn?» Ja, og så andaktstund og Velkommen igjen!

BASAR

Gutane sit på handelslaget med utstilling av det dei har laga og sel nummer til basaren. Meir frimodige enn vaksne er dei. Dette året selde dei for kr.13.500 og 75 personar kom til basaren i kyrkjekjellaren. Resultatet, kr. 23.000 gjekk vidare til Det norske misjonsselskap.

Edvard Undheim, Sverre Emillan Fosse, Sølve Garborg, Emil Nordbrønd, Mathias Bø Olsen i Selandsskogen.



FØRTISEKS ÅR

Ja, 46 år! Så lenge har Ola og Amund hatt ein plass i livet for gutar i bygda. Her får Amund og Torbjørn ordet:

- På vårparten i år kunne ikkje Ola vera med lengre p.g.a. helsa. Me snakka med han i telefonen rett før den årlege kvelden ved vatnet på Mellemstrand i haust, 6.september. På sin positive måte ga han uttrykk for kor gjerne han ville vere med oss og sett gleda i augo til gutane. 14 dagar seinare var me igjen samla. Dagen etter fekk me høyra at Ola enda si livsreise den tysdagen, 20. september, nær 80 år gammal. På neste møtet tente me

FRIVILLIG ARBEID



Bare lys frå bålet.



Fisketur til Mellemstrand.

lys og hadde minneord. Gutane sat stille og lytta. Dei hadde alle eit godt forhold til denne trufaste leiaren.

Medlemslistene for Ugla alle desse åra har om lag 350 namn. Derfor ber mange, vel vaksne karar, yngre menn og gutar med oppvekst på Undheim, ein bagasje av gode verdiar frå åra i gutelaget. Deira røyst, med minne om barneåra, skulle me gjerne fått plass til her. Ved å lytta til Ugla si historie, og høyra om gleda leiarane opplever i lag med borna, sviv denne slageren fram i tanken: - - Ditt sinn monne flyve så vide omkring - - - lær deg å elske de nære ting.

Nå er det sakn i gutelaget, men også takk. TRUFAST-fana vert halden høgt, og programmet for hausten går vidare. Ja, ikkje nok med det. Programmet for våren er også klart. Heile skuleåret er alltid ramma om arbeidet.

Nå må Amund få eit spørsmål tilslutt: - Med eit så aktivt og omfattande program må det gjennom åra ikkje alltid ha vore lett å kombinera gutelaget med arbeid og

ansvar heime på garden? Det stemmer nok, var ikkje alltid like enkelt nei, men Ola sa: « Eg gjekk alltid fjåge heim», og slik opplever eg det òg. Styrken har vore mange vaksne leiarar alltid, 7 nå og 18-20 gutar kvar gong. Også gjennom korona-perioden prøvde me å halda fram, men då med aktivitetar ute. Så er me svært takknemlege for velvilje og godt samarbeid med bruk av sløydsal og andre rom på skulen. Det har betydd mykje.

Solveig Sandsmark laga kyrkjetekstilar til Bryne kyrkje

Bryne arbeidskyrkje blei vigsla 16. september 1979. Mange flittige hender hadde gjort eit stort arbeid for at alt skulle vera klart til den store festdagen.


Tekst: Inger Bakke Berge. Foto: Pål Berge

To av desse hendene tilhørde Solveig Sandsmark. Den kvite messehakelen og prekestolkledet var sirleg brodert og montert, og var på plass i kyrkja på vigslingsdagen.

Eg tenkjer at mange som ser desse tekstilane i dag, ikkje er klar over at kunstnaren sit i kyrkjebenken i Bryne kyrkje omtrent kvar sundag. Og at det ikkje bare er dei kvite tekstilane Solveig har laga, men òg dei grøne og fiolette.

Kyrkjeringane hadde mykje å seia for arbeidet med å få ny kyrkje i Bryne sentrum. Dei var ryggraden bak dei økonomiske løft kyrkjelyden sjølv måtte ta. Dei samla inn pengar på møta og hadde frå 1971 årleg julemesse i rådhussalen for å skaffa midlar til kyrkja. Innsamla midler blei og brukt til altersølv, nattverdskalkar, dåpsfat, piano, kjøkkenutstyr og kyrkjetekstilar.

Solveig, som kjem frå Tveit i Kristiansand, vaks opp i ein kreativ heim. Ho lærde tidleg å brodera, sy og strikka. Som voksen gjekk ho på Kristiansand kvindelige industriskole i tre år. Der lærte ho både kjole- og draktsøm, vev og prydsøm. Ho kom til Bryne i



1964 saman med mannen Andor. Begge blei med i kyrkjering og i det praktiske dugnadsarbeidet for den nye kyrkja.

Res kap. Ole Gunnar Sæbø var pådrivar for å skaffa kyrkjetekstilar til den nye kyrkja. Han hadde tankar om symbolbruk til dei ulike kyrkjeårsfargane. Jon Hovda teikna skissene og Solveig tok på seg oppgåva med å utføra arbeidet. Nyland kyrkjering som ho og Andor var med i, betalte utgiftene. Men først måtte skisser og materialbruk godkjennast av biskopen. Solveig valde ut fargar og kvalitet på møbelstoffet som er brukt. Sjølve broderiet fekk ho frie

tøyler til å utforma, og det er tydeleg at dette kunne ho! Ho har òg montert kyrkjetekstilane. Med nøyaktighet og fagkunnskap skapte ho desse vakre tekstilane som framleis blir brukt i kyrkja. Takk for dei flotte tekstilane du har gitt oss, Solveig!

Kyrkjeåret tek til første søndag i advent med fiolett som liturgisk farge. Fiolett er førebuinga, boten og sorga sin farge. Fargen blir brukt i adventstida, fastetida og i gravferder. Dei fiolette tekstilane har fått eit Y-kors og ei tornekrona som symbol. Dei kvite tekstilane representerer festfargen; Kristusfestane som juledag og påskedag, påsketida, allehelgensdag og bryllaup. Dei har Chi Rho-teiknet som symbol. Chi Rho utgjer dei to første bokstavane i det greske ordet for Kristus og er eit av dei eldste kristusmonogram me kjänner til. Grønt er ein allmenn og nøytral farge som symboliserer vekst og livskraft. Dei flotte aksa er symbol på vekst.

Den siste fargen i kyrkjeåret er rød. Fargen symboliserer Anden og kyrkja, blod og martyrium. Dei røde tekstilane i Bryne kyrkje er seinare laga av tekstilkunstnaren Bjørg Marit Bjørnevik og har ei gullbrodert due som symbol.

Torsdagstreff i Brynekyrkja

Tanken om å få i stand eit treff i kyrkja for dei over 60 år hadde vore diskutert ei tid i diakoninemnda. Det var ikkje tilbod for denne gruppa i Bryne kyrkje, og alle visste jo at talet på pensjonistar ville auka i åra framover.

TEKST OG FOTO: ARNFINN VIGRESTAD

Torunn Mæland, som hadde flytta hit saman med mannen Jens Olav i 2009, blei tend for eit slikt tiltak. Ho hadde vore med i diakonien i Etne der dei budde før, og gjekk inn i besøkstenesta i Bryne-kyrkja då ho kom hit og blei med i diakoninemnda. Etter at ho hadde vore på ei samling i «Laust og fast» på Undheim, fekk ho ideen om å få til regelmessige samlingar for eldre i Bryne kyrkje. Ho tok kontakt med Gerd og John Siveland, Jorunn og Olaf Selle og Aslaug Harbo og Øyvind Lutro.

23. mars 2011 blei det første rådingsmøtet halde i stova hos Torunn og Jens Olav i Eikeberget 4. Ein blei samde om eit grunnriss over korleis innhaldet skulle vera i desse treffa. Me ville bruka songar som folk flest kjende, gjerne frå barneskulen, og ville derfor kjøpa 25 eksemplar av songboka «Syng med». Treffet skulle leggja vekt på det allmenne og sant menneskelege, gjerne eit kåseri med ulike tema frå levd liv, historie og erfaringar. Ein måtte gje plass for matøkt med godt drøs. Andakt og Guds-ord var



Liv Ingunn Serigstad,
Harald Serigstad,
Jens Olav Mæland,
Marit Høie Hetland,
Torunn Mæland

sjølvsagt. Det var også viktig å få til ein mat- og rydde-komite.

Dette har vore hovudstrukturen i opplegget i alle desse åra. Samlingane blei lagt til kjellarstova i kyrkja, på torsdag ettermiddag, med 6-7 samlingar i året. Det var viktig at yngre og eldre pensjonistar skulle kjenna seg velkomne og trivast i lag!

Kva tenkte de, Torunn og Jens Olav, då de tok utfordringa med å dra i gang Torsdags-treffet?

Me såg eit behov, og så merka me at ideen gav gjenklang. Me kunne

ikkje Anna enn å gå i gang!

Korleis har desse åra vore?

Svaret er enkelt. Det har vore gode år, gilde samvær. Det har heile tida vore eit godt samarbeid i komiteen. Og så har me blitt betre kjende med kvarandre. Det har vore meiningsfullt og oppmuntrande!

Kva har gledd dokke mest?

Dei gode tilbakemeldingane, takksame smil og gode handtrykk. Og at me har fått ny innsikt og kunnskap.

På biletet ser me litt av dei godt 50 personane som var samla på torsdagstreffet den 20. oktober og overrekking av takk og blomar frå Brynekyrkja ved diakon Marit Høie Hetland til to av ektepare som har gjort ein stor innsats gjennom mange år!

Torsdagstreffet er eit viktig tilbod i kyrkjelyden, og diakonen var full av lovord til alle frivillige som har stått og står på for å halda drifta i gang!



Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: TONE VOLD OG RAGNHILD HANSEN

Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døpte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



Babysong 0-1 år

Alle tre kyrkjelydane våre har tilbod om babysong for barn 0-1 år. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvær. Etter songsamlinga et me lunsj saman. Me startar opp nye grupper i januar.



Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkelenen open barnehage, om lag annankvar onsdag. Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca. kl. 10.30-11.00.

Undheim

I Undheim kyrkje er det babysong oppe i kyrkjesalen kl. 10.30-11.00 om lag annankvar onsdag.

Bryne

I Brynekyrkja har me babysong for 0-1 år som går over 8 gonger. Me møtest onsdagar kl. 10.30 i kyrkjesalen.

Påmelding kjem i invitasjon, på Timekyrkja si nettside og på: Instagram: trusopplaeringa og <https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim>



Småbarnstrall 1-3 år

Me har starta opp med eit nytt song- og musikk-tilbod for 1-3

åringar. Då møtest me store og små i Time kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa eit barn i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss.

Påmelding kjem i invitasjon, på Timekyrkja si nettside og på: Instagram: trusopplaeringa og <https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim>



Tårnagenthelg

Alle 3. klassingar på Bryne, Time og Undheim (3. og 4. klasse) er velkomne til Tårnagenthelg. Me treng mange agentar til å vera med å løysa oppdrag og



mysterium. Saman skal me læra gode agenttips, gå på symboljakt, utforska kyrkja, følgja spor og teikn og løysa ulike oppdrag. Dette blir spennande! God mat må òg til for gode agentar. Alle agentane får med seg boka «Skattar frå bibelen» og eit siste oppdrag med seg heim. Påmelding kjem i invitasjon, på Timekyrkja si nettside og på: Instagram: trusopplaeringa og <https://www.facebook.com/trusopplaringbrynetimeundheim>

Nye og eigenproduserte songkort på Undreturen for 2 åringar

Me har akkurat fått delt ut «songposen min» til alle 2 åringar som har vore med oss på Undretur rundt om i kyrkjene våre. Tusen takk til alle som kom og var med oss på dette. Utanpå songposen fekk 2-åringane lage avtrykk av handa si og skrive namnet på posen.

Oppi «songposen min» er det 20 forskjellige songkort. Desse korta er meint som ei hjelptil å ha koselege songstunder heime ilag med dei små. Utanpå korta er det illustrasjonar til kvar song, dei er teikna av Anne Grete Kjølsvik. Desse teikningane har me blitt skikkeleg glade i. På baksida av song-korta er det song-tekst og ein QR-kode som tek deg direkte inn i ei songsamling med Ragnhild og

Tone som blir med og syng songen på kortet. Me håper at songkorta kan vera til hjelpe og at dei vert mykje brukte heime ilag med ungane.

Får du ikkje invitasjon i posten? - Bli trusopplæringsabonnent

Har du born som ikkje er døypte / ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Me ønskjer ungdommane velkomne til ungdomsarbeidet vårt

UKUF på Undheim, Varden på Lye og UF i Brynekyrkja. Frå 1. vgs. er dei også velkomne til PULS. Les meir om ungdomsarbeidet på nettsidene våre. Helsing frå kyrkjelydspedagogane Ragnhild Hanssen og Tone Vold



Årshjulet til trusopp-læringa i kyrkjene våre.

Dette vert borna inviterte til:

- | | |
|---------------|--|
| 0 år | Dåp og dåpssamtale |
| 0-1 år | Babysong |
| 1 år | Småbarnstrall, felles i Time kyrkje |
| 2 år | Hausttakkefest med utdeling songkort, berre på Undheim |
| 2 år | Undretur i Time og Bryne kyrkje med utdeling av songkort |
| 3 år | Krøllekveld |
| 4 år | 4 års klubb og utdeling av Barnebibel |
| 5 år | Kor kick-off. felles i Bryne kyrkje |
| 5 år | Barnas påske og Orgelknappen |
| 5 år | Adventsklubb |
| 1-6 år | Barnemesse, felles i Bryne kyrkje
Barnefamiliar – Kyrkjemiddag i Bryne kyrkje |

1. klasse Dåpsskule og Barnas påske

2. klasse Pinsefart

2. klasse Plan B - aktivitetsdag

3. klasse Tårnagenthelg

4. klasse På sporet av Jesus

5. klasse Lys vaken

9 -13 år 9:13 i Bryne kyrkje
9. klasse Konfirmasjon



Mannskoret Frimenn – 20 år

Frimenn, Pensjonistkoret, Basarkameratane

Kjært barn har mange namn. Etter to jubiléumskonsertar, i Storstova på Bryne og i Undheim kyrkje, kan det bli fleire. Folk set pris på å oppleva og høyra dei. I Storstova, med 400 sete, var konserten kvikt utseld. Då dagen endeleg kom fyltest resepsjonen i veldig god tid i ein atmosfære av iver og forventning. Publikum var stort sett vel vaksne folk, også med skrøpelege bein, stav og rullator. Undheim kyrkje fyltest 14 dagar seinare.

TEKST: ELSE-MARIE BUE. FOTO: KNUT AALGAARD

Frimenn er eit populært mannskor frå Jæren med snittalder 75 år, mange over 80 og 1 songar har passert nitti. Alderen merkest ikkje på volumet når dei stemmer i. Koret stiller opp til to øvingar

og to oppdrag kvar månad. Har me midt i blant oss ein kandidat til Guinness Rekordbok? Eller kanskje to med tanke på dirigenten, Terje Vold. Han prøver aldri å skjula at høyrsla

skrantar, eller at han spelar mange instrument utan å ha gått i lære. Noter er ikkje hans greie. Musicaliteten er medfødt og innabords. Han spelte munnspel før han kunne snakka og inntok



tidleg organistkrakken på heimebane om det trøgst.

Jubiléumskonserten i Storstova dirigerte han med trekkspelet på brystet, var konferensier, stod for historikken og kommuniserte i kvardagslege ordelag med salen innimellom. På progammet var nokre songar kjende, og salen fekk syngja med. Alt var så inderleg nært og heimsleg. I løpet av konserten overraska kormedlem, Jarl Marthinsen, dirigenten med blomar. 400 øvingar og 400 oppdrag har koret hatt desse 20 år. Terje har vore på alle. Nærmar me oss eit svar på det gode ryktet og populariteten? Ja, dei har skapt eit miljø som passar til lag spel, eit regelmessig fellesskap som veks seg ekte og godt fordi alt er kjent og nært! Dei har felles program og oppgåver. Det er god medisin når åra kjem på. Og så er Frimenn ein



Jarl Martinsen overrekker blomar og takk til dirigenten. (t.h.) Den første CD'en

plass utan piggjar, der diskusjon og usemje om verdsproblema ikkje har rom.

Ved eit kjøkkenbord på Bryne for 20 år sidan

Terje fekk oppdraget å starta eit kor. - Ikkje eit tradisjonelt kristeleg kor, men eit utradisjonelt kristeleg kor -, kom det fram i historikken. Ikkje andakt på øvingane. Kvar øving var og er ein musikkandakt, og så korte talar og helsingar der dei deltek.

Terje fortel: - Det var som med lærersteinane. Eg sa ja utan å vita kva eg gjekk til. Det gjekk litt tregt i starten. Me var bare 8, og eg var litt frustrert. Då kom denne korte bøna frå meg: - Eg var 100 % sikker på at dette var din vilje. - Svaret kom i same stund: - Eg fekk ikkje sagt meir: - dersom du gjer din jobb, så skal eg gjera min. - Då løysna alt. I dag er det få og greie reglar for å bli ein Frimann: god røyst, gehør og så balansen i koret. Balanse betyr 10 på overstemme og 20 på understemme. Lokala me kjem til må ha plass nok til oss, seier Terje. Derfor har me nå venteliste. Når det gjeld instrument var det i starten eitt trekkspel. I dag vert musikantar vurderte når dei dukkar opp. Nå har me 5 trekkspel, bassgitar, 4 solistar som representerer ulik stil og saksofon så sant det lagar seg.

I filosofien vidare er det mange ord og vendingar som neppe er plagiat etter andre andre kor eller lag: **Eg vil til himmelen, men eg er ikkje i**




farten. Tobias Skretting har forma det på denne enkle måten i *Livet*, det vidunderlige livet. Det vil dei nyta og dela med andre så lenge dei kan med song og musikk. Det er oppdraget til Frimenn.

Fire CD'ar har koret spelt inn, totalt vel 8000 eksemplar. Det var veldig mykje arbeid, og det kjem neppe fleire. Men då kom det økonomi inn i koret, og styret fann fram til gode prosjekt å støtta: i Etiopia, Kamerun, og det mest ekstreme: drivhus i Nord Korea. Etter å ha lytta til Jarl Marthinsen og Terje Vold med undring og spørsmål, demrar det eit svar på at dei har «fans» vidt og breitt. Titelen på første CD'en var: *Frå Fotlandsfossen til Perleporten*. Me veit kor me er. Me veit kor me vil hen. Frimenn spreier glede, godt fellesskap og kristne verdiar inn i folk sine liv.

For komande år har koret alt nå sagt ja til 12 oppdrag. Frå alle typar arrangement rundt om i Rogaland kjem invitasjonane, men dei har også vore ein tur til Hardanger.

Så skjer det ting i kulissene i landet vårt. I samanhengar der dei i årevis har vore hjarteleg velkomne, er dørene stengde nå. Repertoaret, vanlege kjente viser, slaggarar, songar og salmar, er ikkje nøytralt nok for Norge i dag, fedrelandet. Men nye invitasjonar kjem, og Frimenn er klare for spennande år i gjerningar Gud legg ferdige for dei.



Helgedagen

Kyrkjelydsblad for Time

Nr. 12

DESEMBER 1972

4. årg.

80 år

Ei vel kjend og vyrd kvinne i Time kyrkjelyd runda 80 år i haust. Desse 80 åra har vore mykje innhaldsrike.

— Kva tid byrja så det heile, Inga Helland?

— Å, det var den 20. oktober 1892 på Helland i Undheim-krinsen.

— Kan du leita fram nokre av dine tidlegste minne?

Ho vert tankefull. — Ja, snakk om det. Så ruslar ho over golvet bort til det gamle skatollet i kråa. For henne fyller det stova med ein dåm frå barndom med far, mor, syskin og mange, mange kjensler «frå kveldar heime når me sat inne.»

Ho tok ned den store skriveplata og opna ei dør — mest som ein kyrkjepорт — til eit rom midt i mot. — Her ser du — her var kyrkja og her (ut over plata) var bygda. Her låg heimane og der budde folket. Om sundagen var det gudssteneste i kyrkja. Og det var eg som stod på preikestolen. Ho undrast kan henda på kva eg tenkte om kvinnelege prestar. Men sant å seie tenkte eg ikkje på det. Det var noko anna som rann for meg: Barneleiken peikar ofte fram mot den vaksne si livsgjerning. Låg misjonæren og kyrkjebyggaren goymt i barnedraumar over skatollet?

— Foreldra våre var gode og ærlege folk og dei ville me skulle læra det som rett og sant var. Tidleg sende dei oss til sundagsskulen på Tunheim. Det var to gamle menn som var lærarar der. Skipparen og Per på Høien kalla me dei. Dei var trugne såmenn i Guds rike.

Ja, eg minnast frå mine tidlegaste barneår at eg samla smalene attmed ei ur opp i marka. Der heldt eg messe for dei. Eg song og tala så tårene trilla, i alle fall på meg om ikkje på smalane.

— Kor lenge var du heime?

— Til eg var 16 år. Då ville eg til Amerika. Men veit du kvifor eg ville dit? Det var for å få høve til utdanning og skulegang. Det såg eg ikkje noko råd med heime i dei tider.

— Å nei, sa han far, er det det du tenkjer på så skal eg hjelpe deg så godt eg kan. Nei, meinte eg. Dersom fleire av den store syskenflokkon vil gå skular — så greier du det ikkje.

Så bar det over havet i 1909.

— Kvar stogga du der?

— I Nord-Dakota.

— Og så bar det på skular?

— Å nei, du kan tru. Nei, eg laut nok streva og arbeida først. Eg tente på farmar i Dakota, både hos norsk-amerikanarar, innfedde amirkanarar og tyskarar. Og så kom eg til å tena hos ein kristen familie av norsk att. Dei tok meg med til den Lutherske frikyrkja. Der vart eg ein kristen. Og samstundes fekk eg misjonskallet. Då bar det på skule. Eg gjekk på middelskule i Fargo N. D. I tri år gjekk eg der og måtte heile tida arbeida for kost og husver. Det er annleis i dag. Og så fekk eg studera 2½ år ved Moody Bible Institut i Chicago. Misjonærplana-

ne la eg i Guds hand. Og ein dag fekk eg brev frå den Lutherske frikyrkja med kall til Madagaskar. Og dit — til Manasoa — kom eg i 1920. Den store arbeidsdagen tok til. På red jord. Under brennande sol.

— Og det vart nok minnerike år?

— Du veit eit misjonærliv har som alle andre flest vanlege kvar-dagar. Men noko har fest seg i minne. Me hadde ikkje kyrkje. Så laut eg gå i gang med å bygge. Lange vegar frakta me tommer og stein — ved flåting på elvar og øksekoyring. Eit utruleg slit. Men etter nokre år stod kyrkja der, ei kyrkje me kunne stuva inn 400 i. Ho står den dag i dag. Men — ja, så vart det noko med meg som var utan om det vanlege. Når me hadde gudsteneste så laut eg halda preika. (Sjå, om ikkje jenta frå smaleflokkon kom att).

Elles var det å læra opp jentene i saum og husarbeid, vanleg foreningsarbeid. Når nokon har spurt kva eg har drive på med i mitt lange misjonærliv, seier eg gjerne: sy korssting og bygge kyrkjer.

Det fortel oss noko om bogespennet i eit misjonærliv. Siste åra hadde eg Bibelskulen. Og då bad eg om å få sleppa ferien heime. Ja, ferie har eg berre hatt tri av på dei 40 åra. Siste perioden min var på 12 år.

— Og kva tid kom du heim for godt?

— I 1960. Men eg var to år i Amerika. Og så reiste eg tri år for NMS i Nord-Norge.

Ho var mykje ilag med NMS sine utsendingar. Og dei reknar henne som si eiga.

Så er ho tilbake på Bryne. Ikkje langt frå der skatollet stod og vekte draumar. Og ura opp i marka.

Ringen er slutta. Fager kveldsol smiler — — —

J. Bj.

Bli med på lokalhistorisk vandring på Bryne! Anne Berit Hatlem og Tom Hetland vil i Helgedagen framover la oss bli betre kjende med dei 31 personane som har fått ei gate eller veg oppkalla etter seg. God tur!

TEKST OG FOTO: ANNE BERIT HATLEM OG TOM HETLAND

Rektor Undheims veg

Bjarne Undheim (1905-1988) var ein markant rektor på Rogaland off. landsgymnas frå 1947 til 1972. Han tok til som lektor på gymnaset alt i 1930.

I tillegg til lærargjerninga engasjerte han seg i politikken. Han var ordførar i Time frå 1955 til 1959 og stortingsmann for Senterpartiet 1961-69.

Det som hjarta hans brann mest for, var idrett og fysisk fostring, gjerne i form av kroppsarbeid med spett og spade. Han la sjølv ned mange timer i grøftegraving og anna arbeid på stadionområdet, og han fekk ofte elevane med seg. Han meinte at dei trong å驱va med fysisk arbeid som røynde på litt, som ei sunn motvekt til alt det teoretiske. Som ein skjønar, var forholdet til timeplanar og den slags friare enn i dag.

Gymnaset fungerte i hans tid også som «talentspeidar» for Bryne IL. Spreke elevar vart slusa inn i idrettslaget, som på 1960-talet hadde eit av dei fremste friidrettsmiljøa i landet. «Onnaien» var sjølv ein habil idrettsmann. Diskoskastet hans på 39,59 frå 1939 er framleis klubbrekord i Bryne IL!



«Onnaien» i sitt ess saman med idrettsungdom og lærarar under ein idrettsdag på gymnaset på slutten av 1950-åra. Framme frå venstre: Unn Arrestad, Olga Siqueland, Gun Melhus. Bak dei tre frå venstre: Liv Gidskehaug, Bjørg Borsheim, Sigvor Kleppe, Peggy Vikanes. Bak frå venstre: Tolleiv Klakegg, Gunnar Kampestad, Bjarne Undheim, Sverre Sten Eide, Sverre Skjævesland, Jon Hovda. Mannen Undheim «held si hand over» er Trygve Løge.
(Foto frå Unn Arrestad i Årbok i Time historielag 2021)





Blå Kors Bryne

Ordføraren besøkte ferieklassen ved Melsvatnet! Foto: Blå Kors Bryne

Mange kjenner nok **Blå Kors** som ein organisasjon som er til hjelp og støtte for rusmisbrukarar, men Blå Kors av i dag er mykje meir i tillegg til rusarbeidet.

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Fakta:

- etablert på Bryne i mai 2019 som eit samarbeid mellom Misjonskirken Bryne og Bedehuskirken - som ein del av deira diakonale arbeid
- organiserer Natteramn-arbeidet i Time kommune
- har dei to siste somrane arrangert ei vekes ferieklass for born
- nyare tiltak: pop up - butikk for flyktningar i Time kommune

Trygve Netland frå Lye, som er styreleiar i Blå Kors Bryne, fortel at han var med i styret i Stavanger Blå Kors. Så kom tanken om å utvida sørover, til Time, og etter at ei prosjektgruppe hadde hadde vore i gang sidan januar 2018, vart Blå Kors Bryne starta i mai 2019. Misjonskirken fekk Bedehuskirken med på laget, med Blå Kors Bryne som deira overordna organisasjon. Dette skulle vera deira diakonale satsing

for nærmiljøet - då i nær kontakt med Time kommune. Det var viktig i oppstartsfasen å få tydelege signal frå kommunen om kva som trøngst. Denne nære dialogen har dei framleis.

I vedtekten til Blå Kors Bryne, står det:

"Foreningen (Blå Kors Bryne) er en felleskristen diakonal forening tilsluttet Blå Kors Norge. Foreningens formål er å drive



Adrine, Suzanne og Daniel går på Bryne Kompetansesenter og var innom pop up-butikken



Ferieklubben i kano på Melsvatnet Foto: Blå Kors Bryne



Godt utval i klede og skor på pop up-butikken. Lego er her med som ein trivselsfaktor medan dei små ventar!



Anne Lovise ønskjer seg endå meir klede og skor, type vinter



et bredt diakonalt arbeid med utgangspunkt i Bryne.

- *Foreningen skal drive forebyggende arbeid blant barn og unge.*
- *Foreningen skal arbeide for å øke livsmestring og gi mening til livet.*
- *Foreningen skal söke å møte lokale diakonale samfunnsutfordringer.”*

Inspirasjon til arbeidet har dei ðg fått frå Blå Kors Kristiansand. Der har dei har vore kreative og nyskapande.

I starten satsa Blå Kors Bryne på to område: utstyrssentral og natteramns-tjeneste. Utstyrssentralen var i ei lita bu ved Saron der Bedehuskirken, seinare Blå Kors, leigde ut friluftsutstyr.

Skular og andre kommunale verksemder lånte gratis, og friviljuge organisasjonar fekk 50 prosent rabatt. Etter kvart fekk dei samarbeid med Frilager, som er ein interkommunal aktør. Frilager er stifta og drifta av Stavanger turistforening, Jæren Friluftsråd, Ryfylke friluftsråd og Vesterlen speiderkrets. Det er dei som nå har overteke drifta og det utstyret som var på Bryne.

Helgedagen vil gjerne vita meir om Blå Kors Bryne, og då er Anne Lovise Skailand rett person å snakka med. Ho er utdanna sosionom, og er tilsett i 30 prosent stilling i Blå Kors, som koordinator for natteramns-arbeidet på Bryne. Dette gjer ho i nært samarbeid med

Time kommune, som støttar Blå Kors økonomisk for å driva dette viktige arbeidet. Anne Lovise fortel at ho vart tilsett i 2020, ei veke før koronaen, så ho kallar det ein “interessant start”.

Oppdraget hennar frå Time kommune er altså å administrera natteramns-arbeidet på fredagar og laurdagar. På fredagane har dei faste, rullerande team av frivillige, og på laurdagar er det foreldre til ungdomsskule-elevar på Bryne og Frøyland som vandrar i gatene der dei bur. Dei fleste natteramnane går kvar 6.veke, 2 - 4 saman, vanlegvis frå klokka 20:30 til 00:30. Sjølv om dei har eit visst samarbeid med politiet, er det ikkje politi dei skal vera, men trygge, gode vaksne som

bryr seg om ungdommane som er ute i sentrum i helgene.

Anne Lovise fortel at Blå Kors Bryne er opptekne av å gjera det som det er behov for. Det har ført til andre oppgåver dei har teke seg av. Somrane 2021 og 2022 har dei hatt feriekubb ei veke for born som av ulike årsaker ikkje får reisa på ferie. Då startar dagane med frukost i Misjonskirken, som er basen for klubben. Aktivitetane av ymse slag varer frå klokka 10 til 16, men ei natt ligg dei ute i lavvo ved Melsvatnet. Då er det frivillige som trør til for å hjelpa.

Det siste nye som Blå Kors Bryne vart engasjerte i er pop up - butikken i kjellaren på Saron. Pop up tyder at dette er ein butikk som har ope så lenge behovet er der. Jungeltelegrafen – og flyktningetenesta i Klepp og Time tipsa om behov for klede, særleg etter at menneske frå Ukraina kom hit som flyktningar. Saron lånar ut greie rom i kjellaren. Onsdag (11–13) og torsdag (16–18) har dei ope, både for innlevering av gode, reine brukte klede – og for dei som treng kleda. Kleda er gratis, og Anne Lovise fortel at nå treng dei vinterklede, både til born og vaksne. Den dagen Helgedagen var innom, var guteklede (5–16 år) mangelvare!



Natteramnar i Bryne-gatene Foto: Blå Kors Bryne

På denne pop up - butikken er det ikkje berre klede, men det er også ein møteplass der dei prøver å gjera det triveleg for dei som er innom. Litt bakverk, twist, kaffi og te er populært. Sidan fleire òg har spurt etter garn, særleg nokre frå Ukraina som likar å strikka, har dei gått ut med spørsmål om sponsing til garn og utstyr. "Jordclothing" var veldig positive og sponsa med 15.000 kr i garn!

"House of Yarn" har sponsa med strikkepinnar, så nå ligg det godt til rette for ein liten strikke-kafé i butikken! Fin møteplass - der dei også får språktening "på kjøpet".

Blå Kors Bryne er i god driv, men dei jobbar framleis med å utvida og utvikla arbeidet på Bryne - slik at endå fleire får oppleva at Brynebyen er ein trygg og god plass å vera.

Illustrasjonsfoto



En jul å glede seg til

Mange familier går en tøff tid i møte.
Din støtte kan gi barn som «Ida» en tryggere jul.

VIPPS en gave til **13130**
Gi på konto **3201 52 74165**

+ **Blå Kors**

BÅREHUSET VED TIMEKYRKJA

Det har i mange år vore diskutert kva ein bør/skal gjera med Bårehuset ved Timekyrkja. Bygget er frå 1961 og det trøng verkeleg fornying og oppdatering, både ut- og innvendig! Mange planar, tankar og idear hadde vorte lufta, men i mai 2020 gjorde Fellesrådet vedtak om rehabilitering.

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD FOTO: TONJE BONDHUS, JÆRBLADET OG ARNE OVE TEIGEN

Teikningar, anbods- og søknads-papir vart laga. Kommunen løyvde 3,5 millionar kroner til prosjektet. Mesterbygg Bryne A/S vart vald til å utføra arbeidet, og i slutten av januar 2022 kunne arbeidet ta til.



Gravearbeid inne.

Dyktige handverkarar omdanna dette nedslite bygget til eit moderne og særskilt funksjonelt bygg. Ein har fått nytt visningsrom med plass til 75 personar, kjølerom med to kjøleskap som kan romma 6 kister, nytt toalett og ventilasjonsrom med varmegjenvinning. Ny isolasjon, varmekablar, fliser og belegg på golva inne.

Utvendig er det nye takrenner, drenselidning, kummar og ny overvassleidning. Eksisterande innkjøring til gravplassen er oppgradert for å koma inn med bårebilar. Det er satsa på å brukar material utvendig som treng minst mogeleg vedlikehald.

27. oktober 2022 var dagen komen då bygget kunne overleverast. Representantar frå kulturskulen opna med vakker fiolin- og

pianomusikk før kyrkjeverje Gunnar Bjorland Stone ønskte velkommen. Han opplyste at ca. 100 personar i Time kommune vert gravlagde på kyrkjegarden ved Timekyrkja kvart år. Med denne rehabiliteringa av bårehuset vil tilhøva leggjast endå betre til rette for ei verdig avskjed i samband med gravferder. Og ikkje minst at dette bygget, og seremonirommet òg kan brukast av medlemmer frå andre trus- og livssyn. Det var representantane frå Human-Etisk Forbund og Muslimsk Fellesråd som var tilstades, særskilt glade for.

Kyrkjeverja uttrykte det slik: Alle i samfunnet skal kjenna seg velkomne til å bruka dette rommet, uavhengig av tru. Målet har vore å skapa eit rom som var enkelt, nøytralt og elegant. Og livssynsnøytralt.

Det har ein verkeleg oppnådd. Innvending har ein brukt mykje trematerial, i duse og nedtona fargar. Nyinnkjøpte jærstolar er

på plass, og det er med på å gje rommet preg av ro og vørdrnad.

Ordførar Andreas Vollsun, prost Lars Sigurd Tjelle, seremonileiar i Human-Etisk Forbund Finn E. Våga og tidlegare leiar i Muslimsk Fellesråd Mubarak Ali stod for snorklippinga og den offisielle opninga. Dei og alle oss andre som var til stades, var begeistra og imponerte over korleis handverkarane hadde greidd å forvandla bårehuset frå 1961 til det praktbygget ein no opplevde. Ombygginga har skjedd under kyndig leiing av byggjeleiar Arne Ove Teigen!



Visningsrommet



Snorklipping: Lars Sigurd Tjelle, Finn E. Våga, Mubarak Ali, Andreas Vollsun

Fra Tyrkia, misjonsprosjekt i Bryne kyrkjelyd.

Rekordmange blir døpt i Antalya, menigheten som Bryne kirke støtter



En ny troende døpes i Antalya. Pastor Ramazan Arkan til høyre. 23.06.2022. Johannes Morken

TEKST: ANNE KRISTINE RØTHING, STOFFET ER HENTA FRÅ STEFANUSALLIANSEN SI HEIMESIDE

Her er et utdrag fra pastor Ramazans siste nyhets- og bønnebrev:

«Vi har rekord mange mennesker som besøker kirkestedene våre hver eneste dag. Kirkebesøket er høyt, og nesten ukentlig ser vi minst én person ved begge kirkestedene våre som forplikter sitt liv til Jesus. Døpte 18 i én gudstjeneste En søndag nylig døpte vi 18. De var da ferdige med dåpsundervisningen sin. Aldri noen gang er så mange døpt på én gang hos oss. Vi liker ikke å fokusere på tall i tjenesten, men nå er tallene så betydelige at det er vanskelig å ikke legge

merke til dem og undersøke de medvirkende omstendighetene. Vi er så takknemlige for det Gud gjør i Tyrkia og i byen vår. Vi ber om at alle de nye troende vil oppleve ekte og varig livsendring.»

Høsten 2022 feiret menigheten sitt 30-års jubileum. Da ble en ny gruppe døpt. Alle er kommet til tro i fjor og i år.

Pastor Ramazan ber om forbønn for de som døpes. Han ber også om forbønn for menigheten når den igjen skal deles. Et tredje kirkested ble nemlig åpnet etter sommeren. De tre kirkestedene vil ligge på

helt ulike steder i Antalya. Slik vil menigheten nå ut til nye.

Nytt senter for evangelisering

Kirken planlegger et fjerde senter for evangelisering og disippelopplæring.

Mellom 2000 og 2013 fikk menigheten evangelisere på gatene og dele ut materiell i parker. Det var i de årene Tyrkia håpet å bli med i EU. Disse aktivitetene ble beskyttet av politiet. Menigheten satte opp små konserter eller teaterstykker. Kristne bøker og bibler ble distribuert, og forbi-passende ble invitert til kirken.

Men etter 2013 har lokale myndigheter ikke gitt tillatelser til kirkelige aktiviteter utendørs. I forbindelse med kirkelige høytider får en lov til å arrangere samlinger innendørs i offentlige bygninger. Årsaken til restriksjonene er flere. Regjeringen er blant annet blitt mer islamsk konservativ, det har vært terrorangrep, et kupp forsøk – og en pandemi.

Kirken har tatt i bruk sosiale medier for å nå ut, i tillegg til høytidssamlingene i offentlige bygg.

Nå vil menigheten starte et nytt senter i Antalya, sentralt i byen, i et område med mange fotgjengere. Her vil de ha et bord med bibler og invitasjoner til en samtale inne, eller til å komme til ett av kirkestedene. Det vil være kafé og språkopplæring.

Senteret vil også gi opplæring. Det er ingen kirkesamfunn som får lov å åpne verken teologiutdannelse eller bibelskoler i Tyrkia. Men menigheten i Antalya vil finne en form på dette senteret slik at det kan gi lederopplæring for tyrkiske menigheter.

Påskesuksess

Menigheten får ikke registrere sine



kirkesteder som kirker, med den juridiske statusen det ville gitt dem. Men de arbeider trøstig videre. Første påskedag hadde menigheten fått leie det store auditoriet i rådhuset i Antalya til gudstjeneste. Menigheten var opprømt og delte ut 10 000 invitasjoner. Men uken før fikk de beskjed om at menigheten likevel ikke fikk bruke det store

auditoriet. De måtte ta til takke med foajeen. De var nervøse for hvordan dette ville slå ut. Men det gikk mye bedre enn forventet. De hadde 370 besøkende, og delte ut nesten 200 nytestamenter. Pastor Ramazan Arkan ber om forbønn for menigheten i Antalya.

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter

Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Møbler, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Nytt: Vi tek imot og sel klede

Opningstider:
måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00
telefon 400 37 151



FRETEX butikk Bryne

Parken senter

Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".

Vi har sluttat med møbler.

Telefon 922 09 638

Opningstider:
måndag stengt, tysdag-laurdag 10.00-15.00

Ein møteplass der ein byr på seg sjølv

Etter at Språkkaféen på biblioteket vart lagt ned i samband med covid i mars 2020, har Bryne mangla ein stad der innvandrarar og nordmenn kan treffast på kveldstid. Då me igjen kunne møtast, ønskte diakon Praxedes Slettebø å leggja til rette for ein slik møteplass.

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

Praxedes starta planlegging av eit innvandrar treff i Bryne kyrkje. Ho fekk tidleg råd om å ta kontakt med Ola Undheim. Ola har undervist på Bryne Kompetansesenter og har mange kontakta blant flyktningane.

Innvandrar treffet som starta opp hausten 2021, har vist seg å bli ein populær møteplass. 12-15 stk møtest no kvar tysdag i kjellaren i Bryne kyrkje. I starten var det mennene som kom, men etter kvart har kvinnene og kome.

Her kan ein treffa andre, få vene og snakka norsk. I tillegg til Praxedes kjem det òg norske som er med i samtalene. Dei sit i mindre grupper og snakkar saman. Tema kan vera noko dagsaktuelt eller noko som opptar deltakarane.



Ein våt tysdagskveld i oktober er Helgedagen på besøk. I kveld kjem det sju menn og ei kvinne til kjellaren i Bryne kyrkje. Ola Undheim tar imot og ønskjer velkommen ved å handhelse på kvar enkelt. Sidan det ikkje er så mange denne kvelden og Ola er alleine norsk, set alle seg rundt

same bord. Helgedagen fortel at ein ønskjer å skriva om dette treffet i bladet. Alle var positive. Dei vil gjerne vera med på biletet. Det bør vera meir eitt biletet, meiner dei! I kveld er det samla menneske frå: Syria, Afghanistan, Tyrkia, Libanon, Sudan og Noreg.

Gullkonfirmantar Time 2022



Det er livleg samtale rundt bordet og mange smil å sjå. Alle vil fortelja om korleis dei fekk vita om denne gruppa.

Dei aller fleste her kjenner "lærar" Ola og fekk vita om samlinga gjennom han. Nokre fekk vita om treffet gjennom ein venn som gjekk her. Ein som går på Kompetansesenteret, fekk vita om det frå læraren sin. Frivilligcentralen har òg informert om denne samlinga. Deltakarane virka trygge på kvarandre, alle snakkar, dei hjelper kvarandre om nokon "sit fast" og ikkje får uttrykt seg.

Kva er fint med å vera her?

- Eg får treffa andre og snakka norsk, seier ein.
- Ja, og så blir eg kjend med nye fjes, lærer av andre og får nye venner, legg ein annan til.
- Eg lærer å snakka betre norsk, får betre setningar, blir betre kjend med nokre, og så blir eg så fornøgd, seier ein og smiler.
- Eg får hjelp til å forstå reglane i Norge og får snakka mykje norsk.
- Eg vil snakka norsk, difor er det viktig for meg å vera med i denne gruppa.
- Eg vil snakka norsk og treffa norske folk. Dette er einaste plassen eg får snakka med norske. Her kjenner eg meg trygg.

Ola seier at han treffer så mange hyggelege folk her, han likar å bli kjent med folk frå andre land, og høyra alle historiene. Det er viktig at alle som kjem trivst!

Kva likar du best å snakka om?

- Eg vil lære om kristendom og kyrkja, høyra nyheter. Og nyheter om fotball! poengterer ein annan med eit lurt smil.
- Eg likar å snakka om norsk kultur og andre land sin kultur.
- Eg likte veldig godt då me snakka om nyheter - ein norsk hadde med utklipp frå Jærbladet
- Det er òg fint å snakka om skilnader mellom religionar
- Likar å snakka om korleis innvandrarar kan integrera seg i Norge, seier ein.

Tema denne kvelden er: Glede.

- Kva gjer deg glad? spør Ola. Ein ny runde rundt bordet startar...
- Eg er glad når eg kan fiska - reisa på fisketur, seier ein, og ein annan blir glad når han kan plukka sopp.
- Å treffenorske folk, gjer meg glad, seier ein og smiler
- Eg kjem frå ein storby, så det er vanskeleg å finna seg til rette på Jæren, eg synest ofte det skjer så lite her, å få reisa gjer meg glad.
- Eg blir glad når eg høyrer gode nyheter frå Syria og Norge.

- Når eg kan vera saman med vennene mine og vi kan diskutera, blir eg glad

- Eg er glad for at eg fekk koma til Noreg - mykje er vanskeleg, og eg har lært meg dei 3 T-ane - "ting tar tid".

- Folk i Noreg ikkje er sinte, men vil hjelpa, det gjer meg glad.

- Eg er glad for at folk frå ulike kulturar vil hjelpe kvarandre.

- Eg er glad for at eg er frisk, legg ein til.

Når klokka er 21, er treffet slutt. Dei som vil kan vera med opp i kyrkja til avslutning med lystening og ei enkel bønn.

Innvandrar treffet i Bryne kyrkje fyller heilt tydeleg eit behov og betyr mykje for mange.

Her er siste ord ikkje sagt! Lykke til med bygging av språk og vennskap!



Velkommen Devin

1. rekke: Bente Sissel Ertkjern, Kirsten Tegle Bryne, Ingunn Marie Lima (Taksdal), Helga Undheim, Liv Mjåtveit (Petersen), Sigrunn Pedersen (Rugland).
 2. rekke: Aud Marie Helliesen (Herredsvela), Signe Eriksen, Lise-Irene Haaland (Finne), Grethe Gro Eli Sikveland Island, Sølvi Tjåland, Olaug Oma Kvås, Kari Håland Kleppe.
 3. rekke: Paul Terje Haarr, Stein Ødegård, Arnstein Lothe, Aud Steinsland, Anne Gro Heskstad (Lindheim), Karen Lise Undheim, Arnstein Gausland.
 4. rekke: Nils Undheim, Per Willy Taksdal, Berit Helene Sandve, Jan Rune Salte, Gunn Ueland, Inger Berit Eftestøl, Torunn Auglend Bryne.
 5. rekke: Øystein Norheim, Kåre Lura, Hans Undheim, Anne Sofie Serigstad (Melkeraaen), Anny Garpestad, Geir Hamre, Gerd Randi Hauge (Erga), Gunn-Marie Egeland (Tjensvoll), Ann Elise Håland, Kåre Hetland, Sigmund Bjelland, Lars Bjarne Undheim.
 6. rekke: Rolf Magne Undheim, Kjetil Rørheim, Helge Dahlen, Åse Hetland Hognestad, Norleiv Undheim, Barbro Karin Herikstad Tveit, Unn Helen Solli Fossmark, Jorunn Gjerde, Karl Geir Pedersen, Tor Laland, Torild Egeland Reime, Rolf Haaland, Haldis Bjørnsen (Søyland).
 7. rekke: Livar Helland, Kåre Taksdal, Rolf-Inge Haaland, Tor Ingvar Kleppe, Arne Olav Vinjerud, Karl Einar Taksdal, Gunnar Søyland, Tor Ueland, Frank Allan Sivertsen.
- Bakerst: Odd Ove Tunheim, Kjell Terje Høiland, Sigmar Oftedal, Per Sverre Risa, Torbjørn Wold, Ole Gunnar Førland, Anne Jorunn Hahn (Særheim), Jon Lende, Leiv Arild Haga, Øystein Stangeland.

Kyrkjevalet 2023

Dersom du er oppteken av gudstenester, musikk, misjon eller barne- og ungdomsarbeid, **still til soknerådsval**.

Vil du ha eit anna godt råd? Dersom du er oppteken av miljø og rettferd, jus eller økonomiforvalting, **still til soknerådsval**.

Uansett kva du meiner er eit godt sokneråd, bli med å bestemme kva som skal skje i kyrkja der du bur. **Still til val**.

Spørsmål? Kontakt oss:

Time sokneråd: Marianne Hauge 481 14 974

Bryne sokneråd: Inger Bakke Berge 915 17 753

Undheim sokneråd: Hanne Brit Sandsmark 996 26 157

kyrkjevalet.no

DEN NORSKE KIRKJA



**vil du ha eit
godt råd?**

Teologi til folket 2023

VID Misjonshøgskolen inviterer til *Teologi til folket!* Dette er en møteplass for Bibel, tro og tanke, som samler folk fra hele regionen! Vi ser fram til å ta imot dere på VID campus Stavanger som var klar til bruk fra august 2022 etter renovering og nytt påbygg!


Det er ingen påmelding til *Teologi til folket*, og forelesningene er gratis! Velkommen sammen med venner og kjente!

På grunn av koronarestriksjonene vinteren 2022 ble Teologi til folket-arrangementet da nedkortet til to kvelder. Professor i Det nye testamente, Jostein Ådnæ, vil nå ta opp igjen den tematiske tråden og i løpet av fire onsdagskvelder forelese over «Bibelen Jesus og apostlene leste». Hva leste Jesus og apostlene i de hellige skriftene?

Hva tenkte Jesus om forholdet mellom skriftene og seg selv? Hvilken betydning hadde skriftene for apostlenes forkynnelse og undervisning? Spørsmål som disse vil bli tatt opp i forelesningene. Slik vil sammenhengen mellom Det gamle og Det nye testamente i kirkens første tid og i vår tid bli belyst.

Dato: 25. januar, 08. februar, 01. februar, 15. februar
Tid: kl. 18.00 - 20.00

Spørsmål kan rettes til Terese Bue Kessel terese.kessel@vid.no tlf. 995 77 627



VID



Bibeldagsprosjektet 2023:

Biblar til Egypt

I samband med Bibeldagen / Såmannssundagen 5. februar kan vi mellom anna vera med på å gje egyptiske barn som Maryam (biletet) tilgang til Bibelen.

På www.bibel.no/bibeldagen finn du oppdatert informasjon fra Bibelselskapet. Du kan gje gåva på følgjande måtar: VIPPS: 94418. Skriv «Egypt», namnet ditt og adressa di i meldingsfeltet. Gåvekonto: 3030.16.16869. Merk gåva «Egypt».

Online: <https://bibel.profundo.no/egypt>



Julekonsert med blandakoret Vivace

Julen nærmer seg, og like sikkert står en mengde tilbud om julekonserter, årets høydepunkt for mange kor og artister. De fleste har kjempet seg gjennom nesten to år med korona-utfordringer, så nå satser vi på en tradisjonell julekonsert med forhåpentligvis fullt hus i Bryne kyrkje.

Konsertdag blir fjerde søndag i advent, 18. desember, kl 20.

Vår dirigent har som vanlig plukket ut en bukett av våre tradisjonelle julesanger, noen fra vår nordligste landsdel samt noen overraskelser.

Vivace ønsker dere alle vel møtt !

Bryne kyrkje 18. desember kl 20. Pris: Voksne 200,- og barn 100,-

Billetter kan kjøpes i døra eller ved å ringe Sigbjørn Lode på tlf: 908 70 927

Velkommen til Sundagstreff i Bryne kyrkje våren 2023

Program:

Kl.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i kyrkjestova

Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen


Datoar for våren, merk dei av på kalenderen din:

Sundag 15. januar kl.18.00

Sundag 19. februar kl.18.00

Sundag 12. mars kl.11.00 Gudsteneste med Bankers «Livsgledefestival»

Sundag 16. april kl.18:00



11.mai blir det grillfest! -Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid og stad.

Ser deg i kyrkja!

Helsing frå Torunn, Trond, Kari, Siri og Praxedes

Me ønskjer å invitere deg til:

Vi syng til jul

Onsdag 14. desember
Kl. 17:00 i Bryne kyrkje

Velkommen til ein songkveld med gamle og nye julesongar.

Allsong, juleevangeliet og matservering

Terje Vold, Harald Serigstad,
songgruppa Shalom og Anne Grete Hognestad.



«Gull, røkelse og myrra»



Bryne kyrkje

Søndag 8. januar kl. 17

Julekonsert

St. Swithun choralis

Dir.: Arne Hadland

Hans Björkroth

Nøkkelharpe

Ghislain Gourvennec

orgel / piano

Kollekt

VELKOMMEN



Arr: Bryne diakoniutval



Velkommen til Torsdagstreff i Bryne kyrkje

Torsdag 19. januar v/Frimenn

Torsdag 16. februar v/fengselsprest Jon Aarsland

Torsdag 16. mars v/Torild Egeland Reime

Torsdag 13. april v/ordfører Andreas Vollsund

Torsdag 25. mai v/Jostein Aarbakke Tollaksen

Kåseri, servering, songstund og andakt.





Heilage tre kongars fest

Søndag 8. januar kl 1900

Saron

Tale av Evy Torun Nyvoll frå
NMS

Musikk: Misjonskorpset i
Egersund
Servering
Misjonsoffer
Alle velkomne

Velkommen til innvandartreff i Bryne kyrkje

Her kan du kome, få nye vener og oppleve eit mangfold av kulturar, samstundes med at du får øve deg på å snakke norsk.

Me møtest kvar tysdag
kl 1930–2100
(NB! Det blir grillfest den 30. mai)

NB! Er du nysgjerrig og vil vite meir?
Send ein SMS til diakon Maria
Praxedes Slettebø på mobil:
488 96 919

Dáp

Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim

Strikkekafé på Lye forsamlingshus

Datoar som gjenstår fram til sommaren er: 19. januar, 16. februar og 16. mars i 2023.

Me startar kl 19.30. Velkommen både med og utan strikketøy!



Fredagskveld på Kyrkjetorget
Time kyrje

27.januar kl. 20-22

Kveldens gjester:
Åse Helgeland
Vibå spelemannslag

Fredagskveldane på Kyrkjetorget er samlingar med tid til drøs, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet.
Komiteen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen

Gi til NMS – få skattefradrag!

Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no





EIENDOMSMEGLER KROGSVEEN JÆREN

Vurderer du å selge bolig?

Våre dyktige og lokalkjente meglere gir deg rådene du trenger for et raskt og lønnsomt salg. Vi kartlegger alle boligsøkere i markedet systematisk, og vet hvem som jakter på din type bolig. Det gjør det enklere å få flere folk på visning, flere budgivere og oppnå bedre pris. **Vurderer du å flytte?** Snakk med oss og finn ut hvor mange potensielle kjøpere vi har til din bolig akkurat nå.

Krogsveen Jæren Tlf: 51 97 19 74

 Krogsveen



BARNAS

Finn 10 navn og ord frå juleforteljinga

Namna på ti namn og ord frå juleevangeliet er gøymt inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?



Å	F	J	O	D	E	L	I	J	Q
U	B	E	T	L	E	H	E	M	A
M	E	S	S	I	A	S	N	A	U
U	L	U	I	G	U	G	G	R	G
J	O	S	E	F	F	J	E	I	U
O	L	P	Å	S	W	E	L	A	S
N	A	S	A	R	E	T	X	Ø	T
S	M	A	K	K	I	A	L	F	U
I	P	S	I	D	U	R	K	I	S
K	R	U	B	B	E	A	Y	V	I
I	R	A	B	A	B	R	A	B	Ø

Finn fem feil!

Engelen fortel gjetarane på marka nyheten om Jesu fødsel. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
Teikning: Asbjørn Tønnesen




Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!


Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Fargelegg!





DØYPTE

BRYNE KIRKJE

04.09.2022: Solveig Birkeli
Martin Midbrød
11.09.2022: Bea Wredstrøm
Vilde Reiestad
Johannes Kvitrær
02.10.2022: Live Ødegård
09.10.2022: Olav Lunde
Ailo Kopperdal
Linnea Håland

TIME KIRKJE

28.08.2022: Casper Stokdal
Christer Stokdal
10.09.2022: Frida Svhuis
17.09.2022: Ellie Fotland
Matheo Ådneram
Sofie Hegdal
Torkel Meling
Sander Hafver,
Filippa Bjelland
Hannah Garborg
Tuva Bø
25.09.2022: Hanna Paulsen
Iben Jakobsen
Theo Aanestad
Tor Ravndal-Fuglestad
Lone Gabrielsen
22.10.2022: Arn Oma
Tiril Rugland
23.10.2022: Nora Abrahamsen
Odin Frøyland

UNDHEIM KIRKJE


04.09.2022: Leif Høyekvam
Mads Emil Rørheim
Noah Taksdal

LYE FORSAMLINGSHUS

02.10.2022: Henrik Haugland

BORN FRÅ TIME DØYPT ANDRE STADER

21.08.2022: Maja Byberg Skoge
(Sund kyrkje)
02.10.2022: Evelina Halvorsen Bø
(Frøyland og Orstad kyrkje)



VIGDE

BRYNE KIRKJE

01.10.2022: Rikke Johanne Bjelland
Adolfsen og Augustinas
Bajarcius

TIME KIRKJE

27.08.2022: Anette Lerbrekk og Kim
Andrè Thomassen, Torill
Strand og Bjarte Ødegård
03.09.2022: Solveig Helle Jonsbråten
og Øystein Andersen
10.09.2022: Åshild Horvei og Odd Inge
Svhuis
22.10.2022: Eva Madeleine Buer og
Ingve Auklund
29.10.2022: Anja Rangen og Erlend
Sørheim


VIGSEL ANDRE STADER

03.09.2022: Åsne Stangborli Time og
Kjetil Aarsland, Nedre
Time

FORBØNSHANDLING

TIME KIRKJE

03.09.2022: Elisabeth Gausel Egeland
og Kjetil Kristian Gausel
Egeland



DØDE

Anita Veka Espedal
Nils Hadland
Olav N. Undheim
Tor Nedrebø
Roar Johan Holtet
Ola Mellemstrand
Johan Robert Johansen
Sverre Garvik
Kjell Aasland
Kirsti Flåten
Kari Åslund

Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med Diakon i Bryne:
marit.hetland@timekyrkja.no
Diakon i Time og Undheim:
praxedes.slettebo@timekyrkja.no
eller ring kyrkjekontoret på
tlf. 51 77 03 77

KROGEDAL
begravelsesbyrå

51 97 29 00
DØGNAVAKT

VI HAR OGSÅ
GRAVSTEINAVDELING
www.krogedal.no

3. GENERASJON BEDEMANN
Arild Aase

Aase
Begravelsesbyrå
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD.

EINER/BRAKE

Alle kjenner eineren - det mest utbreidde bartreet i verda. På Høg-Jæren kryp eineren gjerne langs bakken, men på stader med meir livd, reiser han seg til høgare buskar.

Før i tida vart eineren nytta til mange ulike føremål. Røyk frå baret nytta ein til røyking av kjøt og fisk. Den bakteriedrepande effekten av røyken vart òg brukt til å reinsa rom etter sjukdom som t.d. tuberkulose. Einerlog (oppkok av bar og bær) var eit vanleg desinfeksjonsmiddel ved reingjering av mjølkeutstyr og trekar. Jentene vaska håret i einerlog som ga både fin glans og god lukt. Sidan eineren luktar så godt, var det vanleg å hakka opp bar og strø utover nyvaska golv.

Einerbæra, som sett med botanikaraugo er kongler, er grøne første året og blå det neste. Blå einerbær smakar godt og blir mykje nytta som krydder, særleg



i viltrettar. I tidlegare tider kokte ein mogne einerbær saman med sukker og fløyte til ein seigtflytande masse. Den innkokte massen, såkalla treak tente både som snop og medisin! Einer nyttar ein òg til å setja smak på øl og brennevin.

Hjernetrim

HelgeKryssord 5/22


LAGA AV: GABRIEL TENGSAREID

Vassrett

- Hjortedyr i sjiraff-familien
- Gud
- Hiv
- Alt skal bli nytt (Sjå Joh. Op. 21)
- Solidaritet
- Ha for vane
- Gripe
- Har småregna
- Del av pengesum
- Malm
- Austafrikansk
- Vokalar
- Sår
- Handreiskap
- På botnen
- Måne
- Like konsonantar
- Skafta
- Drønna
- Person frå by i Rogaland
- Tømmer
- Ikkje våt
- Tema

Loddrett

- Pronomen (omv.)
- Det bibelske namnet på landet vest for Jordan
- Gjere ekstra innsats
- Stamfar
- Vedkjenne syndene sine for ein prest
- Skuggelue
- Kvar einaste
- Konjunksjon
- Bydel i Oslo
- Edelgass
- Renn (imp.)
- Tilhopp
- Kosmos
- Om att
- Skogsfugl
- Ve
- Frysa
- Rekkje
- Glimt
- Livssyn
- Lauvtre
- H_2O
- Vokalar
- Høgtid
- Duft
- Like vokalar
- Tok til seg føde
- Skaffe mat til
- Eksisterer
- Tone



B	E	T	R	E	→	F	Ø	R	E	G
E	N	E	R	G	→	I	A	K	T	V
M	I	M	R	E	→	S	T	U	N	D
A	M	P	E	R	→	A	N	G	O	R
R	I	O	I	S	→	A	A	G	T	N
I	N	P	A	U	→	G	F	L	E	T
L	M	A	G	D	→	E	N	A	N	R
R	A	N	S	→	R	E	T	T	E	↔

Løysing Helgedagen kryssord - 4/22

A	L	Y	S	E	T	→	S	K	I	N
B	E	R	G	P	R	E	I	K	A	E
↑	G	O	←	T	E	R	K	Ø	M	↑
M	E	D	→	E	I	T	T	E	V	N
Ø	R	E	L	I	V	E	G	A	D	A
R	E	L	I	N	G	A	R	T	A	R
K	T	E	N	E	R	D	E	I	L	E
R	E	N	A	P	O	L	I	V	E	N
E	D	A	M	E	R	E	A	I	M	S
T	L	E	N	U	V	R	E	V	O	↑
L	H	A	R	→	I	K	K	J	E	↔

Løysing Helgedagen kryssord - 3/22

STØTT ANNONSØRANE VÅRE

 <p>Jær Tannlegene Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800</p>	 <p>Jæren GulvAS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com</p>	 <p>REIME VARMEPUMPER OG SPA www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22</p>
 <p>EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p>  <p>Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNERVICE 971 78 180</p>	 <p>Bonde Kompaniet Butikk i Jupitervegen 4, 4340 Bryne. Tlf. 480 10 878</p>
 <p>TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig</p>		
 <p>nye JÆREN KABELNETT Lokal og best på pris</p>	 <p>Renovasjons- service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44</p>	 <p>WACO Forsikringsmegling as</p>
 <p>PRIVATMEGLEREN JÆREN Torggate 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jæren@privatmegleren.no</p>	 <p>REMA 1000 Håland</p>	 <p>Bøgh Hafoø a/s Egersund</p>
 <p>Alt innen datahjelp -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it</p>	 <p>SpareBank 1 SR-BANK</p>	 <p>haver_ Haver Advokatfirma AS Hetzlandsgrt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50</p>
 <p>EL-TEAM Elektroentrepreneur Morenerefaret 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net</p>	 <p>SPAREBANKEN SØR</p>	
 <p>aktiv. Eiendomsmegling 51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no</p>	<p>Trafikalt grunnkurs Bryne Bil & MC Skole</p> <p>Erlandsbakken 4, 4349 Bryne, Tlf. 51 48 25 10</p>	 <p>PIZZABAKEREN™ Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00</p>



Velkomen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 951 25 002
Jonas Frøyland 41 30 04 68


Ring før kl 10.00

VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

8. januar	Kristi openberringsdag	Matt 2, 1 -12
Lye forsamlingshus	10.30 Gudsteneste	Sundagsskule
Undheim kyrkje	10.30 Gudsteneste.	Nattverd. Sundagsskule
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste.	Dåp og nattverd. Jungelgjeng
15. januar	2. sundag i openberringstida	Matt 3, 13 – 17
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste for store og små	Nattverd
Time kyrkje	11.00 Gudsteneste	Dåp. Sundagsskule
Time kyrkje	19.00 Minnegudsteneste	Til minne om dei som døde i 2022
22. januar	3. sundag i openberringstida	Joh 2, 1 – 11
Lye forsamlingshus	10.30 Gudsteneste	Sundagsskule
Undheim kyrkje	10.30 Gudsteneste	Sundagsskule
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste	Nattverd. Jungelgjeng
28. januar	15.30 Dåpsgudsteneste	
Time kyrkje		
29. januar	4. sundag i openberringstida	Luk 18, 35 – 43
Time kyrkje	11.00 Gudsteneste	Nattverd. Tårnagentar
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste med familiefokus	Tårnagentar
Bryne kyrkje	19.00 Kveldsgudsteneste	Nattverd
5. februar	Såmannsdagen	Luk 8, 4 – 15
Lye forsamlingshus	10.30 Gudsteneste	Sundagsskule
Undheim kyrkje	10.30 Gudsteneste	Nattverd. Sundagsskule
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste	Dåp. Jungelgjeng
12. februar	Kristi forklaringsdag	Matt 17, 1 – 9
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste for store og små	Nattverd
Time kyrkje	11.00 Gudsteneste	Dåp. Sundagsskule
19. februar	Fastelavnssundag	Joh 17, 20 – 26
Lye forsamlingshus	10.30 Gudsteneste	Sundagsskule
Undheim kyrkje	10.30 Gudsteneste for store og små	Tårnagentar
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste med familiefokus	Nattverd
26. februar	1. sundag i fastetida	Matt 4, 1 – 11
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste	Dåp og nattverd. Jungelgjeng
Time kyrkje	11.00 Gudsteneste	Nattverd
5. mars	2. sundag i fastetida	Matt 15, 21 – 28
Brekko sporstkapell	10.30 Gudsteneste	Nattverd
v/ Lye forsamlingshus.		Nattverd. Sundagsskule
Undheim kyrkje	10.30 Gudsteneste	Nattverd
Bryne kyrkje	19.00 Kveldsgudsteneste	
12. mars	3. sundag i fastetida	Luk 11, 14 – 28
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste for store og små	Dåp. Jungelgjeng
Time kyrkje	11.00 Gudsteneste	Nattverd. Sundagsskule
19. mars	4. sundag i fastetida	Joh 11, 45 – 53
Lye forsamlingshus	10.30 Gudsteneste	Sundagsskule
Undheim kyrkje	10.30 Gudsteneste for store og små	Dåpsskulen
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste med familiefokus	Nattverd
Bryne kyrkje	19.00 Kveldsgudsteneste	Nattverd
Laurdag 25. mars		
Time kyrkje	15.30 Dåpsgudsteneste	
Sundag 26. mars	Maria bodskapsdag	Luk 1, 26 – 38
Bryne kyrkje	11.00 Gudsteneste for store og små	Nattverd. Dåpsskulen
Time kyrkje	11.00 Familiegudsteneste	Dåp. Dåpsskulen

Velkommen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.



GUDSTENESTER

Sundag 4. des.

Time kyrkje
Bryne kyrkje

2. sundag i advent

11.00 Gudsteneste for store og små
11.00 Gudsteneste

Joh 14, 1 -4

Nattverd. 4 års bok
Dåp og nattverd

Sundag 11. des.

Time kyrkje
Bryne kyrkje
Undheim kyrkje

3. sundag i advent

11.00 Gudsteneste
11.00 Gudsteneste for store og små
14.00 Me syng jula inn

Matt 11, 2 – 11

Dåp. Sundagsskule
Nattverd

Sundag 18. des.

Bryne kyrkje
Lye forsamlingshus

4. sundag i advent

11.00 Gudsteneste
16.00 Me syng jula inn

Luk 1, 46 – 55

Dåp og nattverd. Jungelgjeng

Julaftan

Bryneheimen
Sivdamheimen
Bryne kyrkje

10.00 Gudsteneste

11.00 Gudsteneste

Luk 2, 1 – 20

14.15 Julegudsteneste

15.45 Julegudsteneste

Time kyrkje

17.00 Julegudsteneste

14.30 Julegudsteneste

Undheim kyrkje

15.45. Julegudsteneste

14.30 Julegudsteneste

Juledag

Time kyrkje
Bryne kyrkje

11.00 Høgtidsgudsteneste

12.00 Høgtidsgudsteneste

Joh 1, 1 – 14

Dåp og nattverd
Nattverd

2. juledag

Undheim kyrkje

Stefanusdagen

10.30 Gudsteneste

Matt 2, 16 - 23

Dåp og nattverd

Nyårsafta

Bryne kyrkje

23.15 Midnattsgudsteneste

Luk 13, 6 – 9

Nyårsdag

Time kyrkje

11.00 Høgtidsgudsteneste.

Luk 2,21

Nattverd